

Retningslinjer for normering av importord

Føremålet med desse retningslinjene er å laga rutinar som operasjoniserer normeringa av importord, jf. § 3 «Normering av bokmål og nynorsk» i vedtektene for Språkrådet.

Retningslinjene avløyser retningslinjer som Norsk språkråd vedtok i 1998.

9.1 Behov og definisjonar

Dersom nye importord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i norsk rettskriving, skal ein normalt gje dei norsk ordform, ved anten fornorsking eller norvagisering.

Importord vil seia lånord og framandord. *Fornorsking* vil seia at ein finn eit norsk ord (eit avløysarord) for importordet. *Norvagisering* vil seia at ein gjev importordet norsk skrivemåte.

9.2 Vurderingsgrunnlag

For å kunna vurdera i kva høve ein skal satsa på fornorsking eller norvagisering, må Språkrådet auka innsikta i importordprosessen gjennom systematisk observasjon av språkutviklinga og språksituasjonen.

9.3 Nærare om fornorsking og norvagisering

For heilt nye importord som er vanskelege å tilpassa til norsk lydstruktur, skal Språkrådet prioritera arbeidet med å finna norske avløysarord. I ordlagingsarbeidet skal ein leggja vekt på å konferera med brukargruppene.

Dersom ein bruker importord i norsk, skal det normalt godtakast å skriva eit importord i tråd med norsk uttale og norske rettskrivingsprinsipp, jamvel om det enno ikkje er normert slik.

9.4 Importord frå namn

Ein bør vera tilbakehalden med å endra termar som er i internasjonal bruk, t.d. måleiningar, særleg når ordet er avleidd av eit namn. Døme: *becquerel*, *pasteurisera*.

9.5 Nordiske omsyn

Når ein skal avgjera om ein bør satsa på norvagisering eller avløysarord, bør ein jamføra med dei skandinaviske grannelanda, og sjå etter gode løysingar i grannespråka.

9.6 Fonologiske omsyn

Ein skal norvagisera nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale.

9.7 Tilpassing til både målformer

Norvagiserte ordformer skal til vanleg ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk.

9.8 Morfologiske omsyn

Norvagiserte substantiv, verb og adjektiv skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar.

9.9 Spesifisering av metode – kjelde

Dei norvagiserte orda skal følgja nærare definerte prinsipp som er lista opp i utgreiinga *Lånte fjører eller bunad* (s. 110–120).

9.10 Registrering og kunnngjering

Nye vedtak om norvagisering og fornorsking blir registrerte i Norsk ordbank og skal kunnngjerast av Språkrådet i føremålstenlege kanalar.

Språkrådet skal ha ein strategi for å fremja norvagiserte og fornorska former.

9.11 Parallellform versus eineform

Dersom det ikkje er grunn til å halda på framand skrivemåte i eit importord, blir den fornorska eller norvagiserte forma normert som eineform.

Dersom det er grunn til å rekna framand skrivemåte av eit importord som etablert i rettskrivinga, skal norvagisert eller fornorska form koma i tillegg til den framande skrivemåten.

Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 25 år, skal ein analysere bruksmønsteret, og vurdere å gjera ordforma til eineform.

9.12 Behandlingsmåte i fagråd 3

Fagrådet for normering og språkobservasjon førebur framlegg til norvagisering og bør så langt råd er, prøva å behandla ord i grupper.